

# ÅRSMELDING FOR MELAND KYRKJELYD 2016



*Frå historisk program for skulane i april i samband med kyrkjejubileet*

## **Innhald**

<b>Innleiing og visjon</b>	<b>3</b>
<b>Soknerådet</b>	<b>3</b>
<i>Møter og sakshandsaming</i>	3
<i>Dei viktigaste saksområda i soknerådet i 2016</i>	4
<i>Jubiléet</i>	4
<b>Tilsette og stillingar</b>	<b>4</b>
<i>Administrasjon og kontor</i>	5
<b>Økonomi</b>	<b>6</b>
<i>Hovudutgiftspostar</i>	6
<i>Hovudinntekstspostar</i>	6
<b>Kyrkjebygg</b>	<b>6</b>
<b>Kyrkjegarden</b>	<b>7</b>
<b>Gudstenestetal og oppmøte</b>	<b>8</b>
<i>Arbeidet med gudstenesta</i>	9
<b>Trusopplæring</b>	<b>11</b>
<i>Barn</i>	11
<i>Ungdom</i>	13
<b>Anna kyrkjelydsarbeid</b>	<b>15</b>
<i>Misjon</i>	15
<i>Diakoni</i>	15
<i>Husgruppearbeid</i>	15
<i>Kyrkjeskule</i>	16
<i>Seniors</i>	16
<i>Internasjonal kafé og norskundervisning</i>	16
<i>Musikklivet i kyrkjelyden</i>	17
<i>Informasjonsarbeid</i>	17
<b>Gjevartenesta</b>	<b>18</b>
<b>Samarbeid</b>	<b>18</b>
<b>Takk!</b>	<b>18</b>

# Innleiing og visjon

Meland kyrkje og kyrkjelyden er viktige for folk i kommunen, ikkje berre i faser i livet ved dåp, konfirmasjon, vigsle og gravferd, men også ved kontaktpunkt som den lokale kyrkja har med folk gjennom året. I 2016 vart visjonen spesielt aktuell i forbindelse med jubileet og husgruppearbeidet. Og visjonen er: Nær Gud - nær menneske.

## Soknerådet

Meland sokneråd har i 2016 vore samansett av følgjande faste medlemmer:

- Regine Sagstad Berg (leiar)
- Ingunn Reigstad (nestleiar)
- Andreas Westermoen
- Brigt Roar Skeie
- Andreas Sagstad Berg
- Bent Gunnar Næss

Vara:

- Per Audun Heskestad (1.vara - møter fast)
- Synnøve Kårstad Ryland
- Anne Kjersti Tveiten Erikstein
- Aslaug Cecilie Sæle Miljeteig
- Torbjørn Bøen

Kommunen sin representant deltek i handsaming av fellesrådsaker. Sølvi Gripsgård Knudsen er kommunal representant og Marit Jøssang er vararepresentant.

## Møter og sakshandsaming

Soknerådet har hatt 9 møte og handsama 18 soknerådssaker og 23 fellesrådssaker i 2016. Berre vedtak-saker vert rekna med i talet på saker. For å samla både sokneråd og stab, vart det arrangert ein strategitur i februar på Sotra.

Årsmøte/soknemøte var 24. april etter ei gudsteneste i kyrkja.

Faste underutval:

- Administrasjonsutval/forhandlingsutval
- Arbeidsutval; som er samansett av leiar, nestleiar, sokneprest og kyrkjeverje. AU førebur i hovudsak soknerådsmøtene
- Strategiutval; som er sokneprest, kyrkjeverje, soknerådsleiar og medlemmer oppnemnte av soknerådet. Har vore lite i funksjon i 2016.
- Barne- og ungdomsutval

Soknerådet har i tillegg desse nemndene:

- Kyrkjeutval (for planlegging av kyrkje på Frekhaug)
- Gjevartenestekomite
- Misjonsutval
- Musikkutval

I tillegg kjem tidsavgrensa utval og komitear for arrangement, utredningar m.m.

## Dei viktigaste saksområda i soknerådet i 2016

- Husgruppearbeidet
- Arbeid med strategiplan
- Arbeid med planer for ny kyrkje
- Arbeid og gjennomføring av kyrkjejubileet 2016

## Jubiléet

Meland kyrkje vart bygt og vigsla i 1866 og fylte dermed 150 år i 2017. Det vart etter lang tids planlegging, stor frivillig innsats, mykje godt samarbeid og støtte frå sponsorar og kommune gjennomført ei stor jubileumsfeiring med mange høgdepunkt. Hovudtyngda av arrangement var i april og september-oktober. To aprildagar var det skulevandringar til kyrkja. Så og seie alle skuleelevane i Meland (ca 1200 personar totalt) gjekk til kyrkja på gamle skulevegar og fekk deretter ei historisk forestilling i kyrkja, minikonsert/drama og servering. Det vart gjennomført fem konsertar mellom august og oktober, ein jubileumsfredagsåpent, jubileumsgudsteneste og konsert og ein del mindre arrangement. Det vart utgitt ei jubileumsbok sendt til alle husstandar. Det vart sett opp informasjonstein ved kyrkja, gjort ein del malingsflikking innvendig i kyrkja og den gamle kollektlåven vart restaurert. Meir detaljar om jubileet finn du i eit eige notat frå Arvid Sakseide.

## Tilsette og stillingar

Følgjande har vore tilsett i 2016:

- Sokneprest: Torbjørn Aamli, 100 % stilling
- Seniorprest Bjørn Moe, 50% stilling på vårhalvåret
  - Har bispedømmerådet som arbeidsgjevar
- Undervisningsprest: Steinar Sneås Skauge, 100% stilling

- Kyrkjeverje: Anne Sofie N. Uthaug , 100% stilling
- Kyrkjelydsmusikar: Trond Fykse, 100% stilling
- Kyrkjetenar: Junji Furukawa, 50% stilling
- Konsulent: Linda Gripsgård Lunga, 60%-80% stilling
- Ungdomsarbeider: Ruben Sæle, 80% stilling. Diakon frå 1.juli 2016
- Barnearbeidar: Anne Marit Fosse Dahle, 20%stilling til og med sommaren.
- 

Bjørn Moe har også 50% stilling i Ostereidet kyrkjelyd, og ordninga er mellombels.

Steinar Sneås Skauge hadde permisjon for å vikariere som vikar i Skjold menighet fram til mai. I same periode vikarierte Anne Marit Fosse Dahle i trusopplæringsfunksjonane med konfirmantar og andre trusopplæringstiltak i 70 %. Anne Marit slutta til sommaren i barnearbeidarstillinga, sidan ho fekk jobb som trusopplærar i Lindås.

Linda G. Lunga fekk utvida stillinga si med 80% for å jobbe med gravferdsfeltet frå april. Det er mykje arbeid med gravferdsfeltet, også fordi det er naudsynt å rydde i register og få sletta utgåtte graver. Den auka kostnaden med stillinga var tenkt skulle bli dekt med innteninga på festeavgifter. Men sidan innkrevingsperioden vart endra frå fem til eit år, gjekk det ikkje dette året. På sikt vil inndekninga bli betre.

Ruben Sæle vart i 2016 ferdig med diakonutdanninga som han har gjort på deltid over år. Stillinga som ungdomsarbeidar vart gjort om til diakon med ungdomsfokus.

Andreas Westermoen, Ottar Mæstad og Arvid Sakseide har vore dei hyppigaste vikarane for kyrkjelydsmusikaren. Gry Tyssedal var vikar for kyrkjetenar.

#### **Rekneskapsførar:**

Akasia regnskap A/S har hatt sitt første år som rekneskapsføraren for soknet. Overgangen til ny rekneskapsførar var tid- og kostnadskrevjande. Men det nye heildigitale systemet fungerte bra når rutinane var etablert.

## **Administrasjon og kontor**

Kontoret er på Frekhaug torg, og samvirket med Møteplassen og andre funksjonar i bygget fungerer godt.

Soknerådet var medlem i stiftinga Nordgardsløa. Frå Møteplassen kom i gang har behovet for Nordgardsløa vore mindre. Octavia øver der. Møteplassen Ungdom hadde berre litt ope i byrjinga av året.

# Økonomi

## Hovudutgiftspostar


Kyrkjeleg administrasjon, løns- og personalutgifter for kyrkjeleg tilsette, drift og vedlikehald av kyrkje og kyrkjegard og utgifter til den kyrkjelege verksemda, er dei største utgiftspostane. Kyrkjeværja si løn var på kr 520.000 pr. år. Dei andre i staben har tariff løn etter KA (kyrkjeleg arbeidsgjevarforeining) sin tariff.

## Hovudinntekstspostar

Tilskot frå Meland kommune, trusopplæringstilskot og innsamla midlar i kyrkjelyden er dei største inntekstspostane. Kommunalt tilskot var på kr.3 400 000. Offerinntektene til kyrkjelydsarbeidet var kr. 155 229 som var ein oppgang frå året før og offer til andre var kr. 171 497 som er ein liten nedgang frå året før. Vi hadde i 2016 ein liten auke i gjevartenesta frå 323 350 til 336 550. Bladpengane har dessverre minka år for år. Rekneskapen for 2016 viser eit negativt resultat (meirforbruk) på kr 111 557.

## Kyrkjebygg

Kyrkja er i bruk til gudstenester, andre kyrkjelege handlingar, konsertar og trusopplæring. Orgelet vart restaurert våren 2016, ein stor kostnad på omlag 300.000 som kommunen tok over sitt rekneskap. Det var i hovudsak utbetring av tørkeskadar.



*Restaurering i gong*

Soknerådet har fatta vedtak og sett av pengar på budsjett for 2016 for tredje år på rad til nytt lydanlegg i kyrkja. Dette har ikkje blitt utført, vi ventar framleis på svar på klagen på vedtaket frå biskopen.

Kyrkjestova har behov for vedlikehald på tak og vindauge. Det vart dessverre ikkje gjort i 2016 heller, grunna mangel på kapasitet.

Det er eit stort behov for ei ny kyrkje/kyrkjelydshus til den kyrkjelege verksemda, ikkje minst ulike trusopplæringsaktivitetar og relasjonsbyggjande tiltak. Vi ser ei stor auke av innflyttarar i Frekhaugkrinsen, og har eit stort ønskje om å nå ut til fleire av dei med vårt arbeid. Mangelen på ei arbeidskyrkje sentralt plassert er tydeleg. Det er avsett eit område for kyrkje/kulturhus på områdeplanen for Frekhaug. Dette er den tomte som soknerådet tidlegare har tilrådd. Tomtekjøp stod på kommunen sitt budsjett for 2016, men forhandlingane vart utsett og hadde ikkje fått resultat ved årskiftet.

Kyrkjeutvalet arbeidde vidare med planar for ny kyrkje på Frekhaug i heile 2015, og ei eiga gruppe arbeidde fram eit notat om finansiering. Eit konkret resultat av arbeidet var at kommunestyret sette av pengar til planlegging på budsjettet for 2017 og bygging på økonomiplanen for åra etter. Ein arkitekt tok på seg (dels på dugnad) arbeidet med å lage eit moglegheitsstudie av tomte, som vil verte brukt i vidare arbeid.

## Kyrkjegarden

Det daglege arbeidet på kyrkjegarden vert utført av drifts- og vedlikehaldsavdelinga til Meland kommune. Dette har i mange år vore eit godt samarbeid, og har også i 2016 fungert godt. Kyrkjegarden står fram som eit vakkert og velstelt område, og vi meiner både personalet sin innsats og fysiske rammer gir moglegheit for verdig avskil med dei døde.

Det må til ei kvar tid vere nok plass på kyrkjegarden. Eit krav i gravferdslova er at det skal vere plass til minst 3% av folkesetnaden i kommunen. Med tanke på den sterke folkeauken i Meland, må vi hjå oss vere endå meir førevar. i 2016 vart gravfelt A bandlagt pga. planlagt anleggsarbeid, felt F og delar av felt B pga. tilstanden i feltet. Av registrerte ledige graver er det no 183, det er for lavt i høve til folketalet på omlag 8000. Det er difor viktig å få felt A i orden til nye gravleggingar.

14 av gravene er urnegraver, men det er mogleg å få sett i stand ein del nye urnegraver på ein enkel måte.

Det vart utført 31 gravleggingar på Meland kyrkjegard i 2015.

Av desse var 4 urnenedsetjingar.

Målet med den pågåande oppryddinga i gravregisteret er at talet på ledige graver registrert på data på sikt skal vere heilt korrekt i forhold til gravfeltet.

Planarbeidet for ny kyrkjegardsutviding vart igangsett i 2016, i nært samarbeid med kommunen. Det første som vart gjort var å gjere avtale med eit konsulentfirma og ta jordprøvar.

## Gudstenestet og oppmøte

Nedanfor kjem ei oversikt over gudstenestet og oppmøte dei siste åra:

År	Tal på gudst. Sundag og Heilag dagar	Frammøtte gudst. Sundag og Heilagdg..	Snitt fram-møtte Søn-h.dag	Totalt tal gudst. i Meland	Samla tal fram-møtte Alle gudst.	Gj.sn. Oppmøte Alle gudst.	Tal til Nattv. totalt	Tal på g.t. m Nv.	Snitt Nv delt. Pr Nv.Gt
2005	68	9941	146	115	<b>14397</b>	125	5168	62	83
2006	66	8851	134	95	<b>12212</b>	128	4882	61	80
2007	62	7969	128	98	<b>12743</b>	130	4569	53	86
2008	63	8416	134	92	<b>12543</b>	136	3921	54	73
2009	58	7002	121	90	<b>11596</b>	129	3967	51	78
2010	65	7578	117	98	<b>10748</b>	110	3237	50	67
2011	68	8098	119	89	<b>10418</b>	117	2560	41	62
2012	69	8264	120	86	<b>10982</b>	128	2697	46	58
2013	54*	6818	126	72	<b>9648</b>	134	2541	38	67
2014	62	7985	129	81	<b>10948</b>	135	2994	46	65
2015	63	8138	129	82	<b>11085</b>	135	2618	39	67
2016	62	7275	117	79	<b>9922</b>	126	2395	39	61

Tabellen syner utviklinga i gudsteneste- og nattverdeltaking i Meland dei siste 12 åra. Talet for 2013 merka med \* skal eigentleg vere 58, skulda feilregistrering i Labora Gudsteneste.

Tala for gudstenesteoppmøte har vore relativt stabile etter 2010, dvs. etter presteskifte og etableringen av Frekhaug Indremisjon som eigen forsamling i 2009. Det blir spanande å sjå om stabiliteten held fram, for i år er det ei endring: Trass i god oppslutning om jubileumsarrangementa, syner gudstenestestatistikken ein fallande tendens i jubileumsåret. Talet på gudstenester er om lag det same som året før (62 på søn- og heilagdag, 79 totalt).

Samla tal på deltakarar har ein markert nedgang frå året før. Det er nest lågast sidan 2010, og vi må attende til 2013 for å finne eit lågare tal. Faktorar som spelar inn for små variasjonar, kan vere talet på konfirmantar, sidan dei har nokre obligatoriske gudstenester. I 2015 vart 86 konfirmerte, men talet for 2016 var 64. Dåpstalet for

2016 er og litt lågare (84) enn i fjor (92). 8 dåpsfamiliar med omlag 20 gjester tyder 160 færre til gudsteneste.

Talet på gudstenester med nattverd er som i fjor, men vi ser ein nedgang i nattverddeltakinga. Om vi skal peike på to moglege forklaringar, så kan det vere for det første at nokre av dei faste, og gjerne godt vaksne, gudstenestedeltakarane har tatt turen til den nye Knarvikkyrkja. Vi ser særleg at dette gjeld når det er gudstenester prega av trusopplæring, eller med mange dåp. Alversund Kammerkor har og mange medlemmer frå Meland, og koret syng oftast i Knarvik kyrkje. Talet på utmelde er og høgt i år. Vi kan ikkje sjå bort frå at den turbulente situasjonen i Den norske kyrkja verkar inn på oppslutninga om gudstenestene og nattverddeltakinga.

Kyrkjelege handlingar i Meland kyrkje i 2016. (Tal for 2015 i parentes).

84 (92) born blei døypte.

64 (86) blei konfirmerte på hausten.

11 (23) vart ektevidde.

30 (48) vart gravlagde/bisett frå Meland kyrkje.

(Då er ikkje frikyrkjelege gravferder og vigslar rekna med, då dei blir registrerte som utleige av kyrkja.)

## Arbeidet med gudstenesta

Mange frivillige tek ansvar for gudstenesta ved å ta del i ulike oppgåver. Vi har fem gudstenestelag. Laga har på omgang ansvar for førebuing og gjennomføring av gudstenestene i lag med prest og organist / kyrkjelydsmusikar. Dette er viktig for fellesskap og «eigarskap» i tenesta som gudstenestemedarbeidar.

Vi har framleis to grunnordningar for gudstenesta. Ei normalordning, og ein alternativ, med litt meir «moderne» lovsong, alternativ i forbøna og i Kyrie- og Glorialedet. Denne kallar vi no for "Søndagsåpent". Den «gamle» familiegudstenesteliturgien har og vore nytta på nokre gudstenester med mange dåp. Vi avventar signal frå biskopen i samband med vedtaket på kyrkjemøtet om liturgisk musikk. Dei siste åra vi har slutta med å kalle ei gudsteneste for temagudsteneste, men opnar opp for at vi i ein skilde gudstenester kan fordjupe oss i eit aktuelt tema og planleggje i tråd med det.

Ungdomsgudstenester er erstatta med undervisningsopplegg tre-fire søndagar i halvåret på ordinære gudstenester.

### Kyrjekaffi

I samband med gudstenestene er det vanleg å innby til kyrjekaffi med kaffi og kjeks i kyrkja. I samband med Søndagsåpent blir det servert kaker til kyrjekaffien. Kyrjekaffien har god oppslutnad og det kan verke som kyrjekaffien har blitt ein viktig møtestad for mange i kyrkjelyden.



*Kyrjekaffi i benkane*

### **Dåp i gudstenesta**

Med 80-100 dåp per år, blir det i snitt to kvar veke, men litt ujamt fordelt i løpet av året. Det har vore eit ønskje særleg frå dei faste barnefamiliane å ha fleire gudstenester utan dåp. I snitt vil vi då ha omlag ei gudsteneste per måned utan dåp, to med to dåp, og ein med fire dåp. Det er ikkje lett å finne den optimale balansen. Erfaringa med reine dåpsgudstenester er ikkje så god, så vi har vald å ha fleire dåp t.d. i samband med feriane. Det er viktig at kyrkjelyden ser på gudstenestene med dåp som ei viktig teneste, og eit felles ansvar.

### **Søndagsskulen/Løvegjengen**

Gjevartenesta er med på å finansiere ein barnarbeidar i 20% stilling, med hovudfokus på arbeid med Løvegjengen – Søndagsskulen i Meland. Hovudfokus er særleg rekruttering og oppfølging av leiarar. Eva Kristin Dale Wessman avløyste Anne Marit Fosse Dale i denne stillinga f.o.m. hausten 2016. Løvegjengen har søndagsskule i løpet av gudstenesta kvar søndag utanom i skulen sine feriar. I feriar og høgtider er det film-framvisning for barna i "Løvehola". Det var 13 betalende barn i 2016, men det er om lag 40 medlemmer som kjem jamnleg på Løvegjengen, til saman i dei to gruppene. Ein del barn kjem berre i samband med dåp. Det er per i dag to grupper i Løvegjengen: ei frå 0 år til skulealder, ei frå skulealder og oppover. Ein gong i månaden har det tidlegare vore ei gruppe frå 4. klasse og

oppover, men denne har gått inn. Vi har hatt bålssamlingar i gapahuken cirka tre-fire gongar kvart semester.

**Roseprosjektet:** Mange tek del i ei viktig oppgåve i kyrkjelyden ved å vere roseberarar til dei over 80. Målgruppa har auka i tal og det har ikkje vore lett å få nok roseberarar i sentrale område. Rosegåvene har fram til i år vart gitt i tilknytning til 80-årsdagar og deretter ved kvar åremålsdag frå 85 år og oppover. I år vart det på grunn av kapasitet bestemt at ein berre skulle gje til kvar halv- og heilrunde dagar etter fylte 80 år. Hilda Austegard skal frå 2016 styre tiltaket. I mangel av leiar har konsulent i kyrkja, Linda Lunga, hatt ansvaret for dette i 2015.

**Andakten ved sjukeheimen:** (Nordgardstunet og Lerken) er eit samarbeid mellom Meland kyrkjelyd (DNK), Frekhaug Indremisjon og Pinsørsla(Betel). Norkirken har og vore med, men ikkje siste tre åra. Takka vere samarbeidet, er det andakt omlag tre av fire veker i månaden. Det er altså litt reduksjon i tilbodet, sidan vi no ikkje lenger kan prioritere meir enn ein gong i månaden på sjukeheimen frå staben vår. I tillegg har soknepresten andakt på dagsenteret på Frekhaug og Vikebø omlag ein gong i månaden.

**Besøkstenesta:** er eit samarbeid mellom kyrkja, frivillegsentralen og Røde kors. Ressursgruppa har ganske ofte samlingar for besøkarane. Besøkarane er aktive på mange frontar utanom vanlege besøk, mellom anna med transport, innkjøp for eldre og med miljøtiltak på sjukeheimen. Kyrkja har mangla eigen representant i styringsgruppa det siste året.

## Trusopplæring

Kyrkja vil ta ansvar for opplæring av barn og unge i den kristne trua. I instruksjonen for undervisningspresten ligg at han har hovudansvar for trusopplæring i kyrkjelyden for barn og unge mellom 0 -18 år. I første halvdel av året var undervisningspresten i permisjon og vi hadde vikar som trusopplærar. Trusopplæringsmidlane i stor grad gått til å løna stillingar. Barne- og ungdomsutvalet hadde tre møter i 2016. Den viktigaste saka dette året har vore å utarbeide ei ny organisering av konfirmantarbeidet. Utvalet består av undervisningsprest, ungdomsarbeidar, Kristin Brakstad Traa, Bård Rosså Stokke og Ingunn Reigstad (leiar).

## Barn

**Dåpssamtalar:** Av omsyn til kapasitet har dåpssamtalane dei siste åra i stor grad blitt halde som dåpssmøter med fleire barn samstundes.

**Småbarnstreff:** Småbarnstreff/babysang er fortsatt eit populært tiltak med jamt god oppslutning (mellom 10-20 babyar kvar veke) og ein når langt utover dei som går fast til andre tiltak og gudstenester i kyrkjelyden. Småbarnstreffet fekk hausten 2016 ein frivillig medarbeidar, noko som gjer at ein får prata med fleire, det aukar trivselen og ein kan stelle i stand lunch eller vaflar.



*Småbarnstreff*

**Treårstreff med Løvegjengen:** var eit nytt tiltak i 2016 med eit frammøte på 12 born.

**Fireårsbok:** 51 born fekk fireårsbok.

BarneFESTkonserten var i 2016 med Team Sulebakk, Gutta og Bjarte Leithaug i samband med kyrkjejubileet. Kyrkja var fullsett.



Gudsteneste med utdeling av 4-årsbok

**Ranselbøn:** 11 born kom på gudstenesta og fekk forbøn for skulestarten.

**Tårnagenthelga:** Dette arrangementet for 8-åringar hadde ei oppslutnad 28 born, ein stor auke frå året før.

**Lys Vaken:** vart avlyst i 2016 på grunn av sjukemelding i personalet.

## Ungdom

I 2016 var det 64 konfirmantar. To helger i september var det konfirmasjon i Meland kyrkje. Sjølv om konfirmantane gjev jamt over god respons på opplegget, har ein og måtta ta omsyn til at det har blitt meir og meir krevjande å arrangere undervisningsleir og det blei derfor bestemt at ein vil endre på organiseringa frå og med 2017-kullet.

**Leiartrening:** Ungdomsarbeidaren har ansvar for leiarkurs, etter planen på haustsemesteret. Hausten 2016 vart dette nedprioritert då det var naudsynt å bruke meir ressursar på utarbeiding av ny konfirmantorganisering.

**Søndagspuls (tidlegare Søndagsskule for ungdom):** Dette er eit tilbod for ungdom i gudstenesta. Ungdom frå konfirmantaldar og oppover blir invitert ut på eit eige rom til samtale rundt søndagens tekst under talen i gudstenesta. Ansvarleg for dette tilbodet er ungdomsarbeidaren i samarbeid med Jan Rantrud. Ein har også jobba med å få ungdom med i oppgåvene på gudstenestene.

**Bibel-/samtalegruppe:** Vi har hatt ei bibel-/samtalegruppe for ungdom kalla PULS, som samlast ein kveld annakvar veke. Ungdomsarbeidaren har hatt ansvaret for denne i lag med to frivillige medarbeidarar, Henriette Bauge og Rikke Natland. Våren 2016 var det åtte deltakarar inkludert leiarane. På hausten var det fleire som slutta og gruppa vart lagt ned.

**Møteplassen Ungdom:** Lågterskeltilbodet for ungdom kalla «Møteplassen Ungdom» har haldt til på Nordgardsløa. Ansvarlege har vore ungdomsarbeidaren og Ingeborg Kvamme. Det var svært få besøkande i januar 2016. Samstundes jobba Meland kommune med å lage eit fritidstilbod for ungdom og det vart sett av pengar til det. Ein valde då å gå i dialog med kommunen for å lage noko i samarbeid med dei, framfor å bruke mykje ressursar på å profilere Møteplassen Ungdom som derfor blei lagt på is. Ved utgangen av 2016 var ein framleis i dialog med kommunen, men ein har ikkje kome fram til ein måte å samarbeide på.

**Yngres på Frekhaug:** er eit samarbeid mellom Meland kyrkjelyd, Frekhaug indremisjon og Norkirken. I 2016 har det vore 17 samlingar på Frekhaug Bedehus. Samlingane varer frå klokka 18.30 til 21.00. Samlingene har vore annakvar fredag, utanom i feriane. Samlingane har i år, som tidlegare år, vore for barn frå 5.klasse til og med 7.klasse. Oppmøte har vore stabilt godt, med mellom 20 til 40 barn på kvar samling. Våren 2016 var det mest barn frå 7.klasse, høsten 2016 har det vore meir likt fordelt aldersmessig. På sommaravslutninga var 4. klassingane invitert til å delta. På kvar samling har vi hausten 2016 vore fem leiarar.

På kvar samling er det ei kort fellessamling med andakt. I tillegg er kiosken alltid open, og det har vore tilbud om ulike aktivitetar. Leiarsituasjonen har i år, som fleire år tidlegare til dels vore kritisk. Våren 2016 var Dag Erik Asdahl hovedleiar. Hausten 2016 overtok Kari Erikstein som hovudleiar. John Henanger har framleis ansvar for regnskapet. Hausten 2016 var det fleire leiarar som gav seg, samtidig vart fire nye leiarar rekruttert, og til saman er det no ti leiarar. Dag Erik Asdahl hadde samtale med Frekhaug indremisjon og Meland kyrkje vedrørende samarbeidet mellom forsamlingane og situasjonen på Yngres våren 2016. Hausten 2016 vart det stadfesta at Norkirken ikkje er med å samarbeider om tiltaket Yngres, slik som mange trudde før dette.

Leiarane opplever at det er eit godt miljø på Yngres. Deltakarane på Yngres verkar tilfreds og dei får kvar samling med seg ei kort andakt. Vi opplever at dette er eit viktig arbeid for den aktuelle aldersgruppa på Frekhaug.

# Anna kyrkjelydsarbeid

## Misjon

Misjonsutvalget i Meland kyrkjelyd bestod i 2016 av Berit Nøst Dale (leder), Brigit Skeie, Åshild Bjørkum Furukawa, Bård Stokke og Olaug Furnes. Det vart halde to utvalsmøter (18. feb. og 2. nov.) og to offentlige arrangement i 2016 (1. mai og 4.sept.) som vart haldne på Møteplassen med gjennomsnittleg 35-40 til stades.

Avtalen vi har med HimalPartner var i fokus den 1. mai, der dei to prosjekta våre vart bedne for og pengane som kom inn den dagen gjekk til prosjekta. Fersk informasjon frå Nepal vart formidla av Astrid Øien Halsnes og Frank Dale, som hadde vore i Nepal på ulike oppdrag like før. I september var det Japan og NMS som fikk merksemd, i samanheng med Åshilds arbeid der. Det var også besøk frå Japan med på møtet.

I 2016 satsa vi på arrangement som var familievennlege, søndag ettermiddag med kaffi og kaker etc. ved sida av basar. Kyrkjelyden treng framleis både informasjon om våre eigne prosjekt i avtale med HimalPartner og misjonsforkynnelse generelt, meiner misjonsutvalet. Difor vil dei halde fram med slike arrangement , med mål om to arrangement kvar år av denne typen.

## Diakoni

**Open Møteplass:** er eit tilbod tre formiddagar i veka på Møteplassen på Frekhaug senter. Oppslutnaden har vore aukande og god. Marit Sæle står i spissen for ei ansvargruppe på tre personar. Om lag 25 medarbeidarar har vore aktive.

**Bønefrukost:** Annakvar måndag har det vore bønefrukost på Møteplassen. Deltakarane tek med seg niste, og bønerommet vert brukt til ei liturgisk bøn og ein del med forbøn for ulike emne.

**Bøn før jobb:** Frå hausten 2016 vart det starta opp med bøn før jobb, som er ein halvtime med forbøn for kyrkjelydsarbeidet og anna - også på bønerommet.

## Husgruppearbeid

Husgruppearbeidet har vore eit satsingsområde i 2016. I løpet av året har to grupper blitt avslutta og to andre starta. Begge dei nye gruppene er for unge vaksne. Ved slutten av året var det ni husgrupper i kyrkjelyden i tillegg til to misjonsgrupper i regi av Normisjon og ei i regi av NMS. I mai vart det oppretta ei prosjektstilling i 20% som husgruppekoordinator. Fokuset for stillinga er å danne, drive og å følgje opp livsnære grupper. Hovedfokuset for hausten har vore å få oversikt over gruppene og bli betre

kjend med gruppene gjennom husgruppeleiarsamlingar og husgruppebesøk. Fem av dei ni gruppene fekk besøk av husgruppekoordinator og representant frå stab/sokneråd. Husgruppekoordinator har også jobba for å skaffe inntekter til husgruppearbeidet gjennom K-stud. Det har vore fokus på å få ut informasjon om husgruppene gjennom nye brosjyrer og informasjon mellom anna på gudstenester. Erfaringane frå husgruppebesøka og leiarsamlingar viser at husgruppene er svært viktige for dei som er med. Fellesskapet i gruppene er for mange utgangspunktet for teneste i kyrkjelyden, og mange gir uttrykk for at gruppene knyter livet i kyrkjelyden tettare saman med kvardagslivet.

## **Kyrkjeskule**

Kyrkjeskulen for vaksne (bibeltimar) vart arrangert våren 2016 med Jan Rantrud og Odd Sverre Hove som undervisarar. Tema var Apostegjerningane. Hausten 2016 var det ikkje kyrkjeskule.

## **Seniors**

Seniors er eit samarbeidstiltak mellom Norkirken, Frekhaug indremisjon, Nordhordland folkehøgskule og Meland kyrkjelyd. Tiltaket har også i 2016 hatt eit godt fram møte. Samlingane er på Nordhordland folkehøgskule. Dei møtast på dagtid til middag, foredrag og sosialt samkvem.

## **Internasjonal kafé og norskundervisning**

Det har vore norskundervisning på Møteplassen kvar måndag frå kl.18.00-19.30. Då er det to timar med undervisning delt i grupper etter nivå. Det var fire lærere; Brit Torun Hitland, Kristin Austegard, Aud Solberg Flatøy og Berit Nøst Dale. Frå hausten 2016 var det og med frivillige som skyssa elevane og hjalp til i undervisninga. Det varierte mellom 10- 20 elevar på ein kveld, ein auke frå 2015.

Etter undervisninga er det «internasjonal kafé», kl. 19.30-21.00, av og til med enkelt program og alltid enkel servering. Både kursdeltakarar og fleire deltek. Det har og vore aukande oppslutnad frå norskspråklege, men det er behov for fleire unge til å møte og bli kjend med unge flyktningar. Før jul var det to særskilde arrangement med svært god oppslutnad; kransebinding og "jule taco". På det siste arrangementet vart Møteplassen fylt heilt opp, med over 40 besøkande av mange nasjonalitetar.



*Frå kransbinding desember 2016*

## Musikklivet i kyrkjelyden

Forsongarar, solistar, kor, korps og band har teke del ved gudstenester og konsertar i 2016. Inn i dette vil vi særskilt nemna Octavia og Felix Vocalis. Musikkutvalet har hovudsakleg arbeid med salmerekertoar dette året. Det nye konsertpianoet var på plass i kyrkja i januar.

Musikalsk var 2016 prega av 150 årsjubileet for Meland kyrkje med ei rekkje konsertar og arrangement. Sjå forøvrig eigen omtale av jubileet i årsmeldinga.

## Informasjonsarbeid

Kyrkjelydsbladet Kontakt kom ut fire gonger i 2016 og er eit viktig bidrag i kyrkjelyden sitt informasjonsarbeid. Redaktør er Harald Wiig Andersen. Soknerådet gjekk inn for eit samanslått blad med Alversund/Lygra/Seim, og Osterfjorden og Mo frå våren 2017. Det vil likevel bli lokale sider i bladet, og framstå som eit lokalt blad.

Heimesida [www.melandkyrkja.no](http://www.melandkyrkja.no) vert i hovudsak drifta av staben. Kyrkjevevja sender også ut eit nyheitsbrev kvar veke kalla "Vekenytt" på e-post til dei som ønskjer det. Meland kyrkjelyd har også si eiga facebookside: Meland kyrkjelyd.

# Gjevartenesta

Den faste gjevartenesta i kyrkjelyden har stige jamt frå kr. 142 000 i 2010 til kr. 336 000 i 2016. Dette er gledeleg, og ein vil halde fram med å stimulere til auka gjevarglede. Vi har ein gjevartenestekomite i kyrkjelyden som arbeider for å halde fokus på dette viktige arbeidet.

# Samarbeid

For første gong vart det arrangert stor fellesgudsteneste/enhetsfest i Knarvik kyrkje, i staden for arrangementet på folkehøgskulen som har vore nokre år. Det var fullt hus, og ei fin oppleving som blei vidareført i 2017. 1. søndag i advent 2016 hadde vi ei felles gudsteneste med Frekhaug Indremisjon på bedehuset. Norkirken ønskte ikkje å vere med på fellesgudsteneste når dei ikkje hadde møtedag. (Dei tre førre åra var dei tre forsamlingane med på felles gudsteneste på folkehøgskulen).

Samarbeidet med organisasjonane sitt barnearbeid og ungdomsarbeid er avgjerande for at vi skal nå flest mogleg med kristen opplæring. Kyrkjelyden ønskjer å arbeide for eit nærare og meir organisert samarbeid knytta til barne- og ungdomsarbeidet i tida framover. Samarbeidet med kommunen er også godt.

# Takk!

Soknerådet takkar kyrkjelyden, alle frivillige og staben for eit godt år!